

Sunnhordland



TESLA-SAKA

Metoderapport Skup 2023

Innsender:

Hilde Vormedal Nybø - hildevn@sunnhordland.no tlf 98242008

Prosjekttittel:

Tesla-saka

Takk til:

Gaute Hvoslef Kvalnes, Preben Ørpelvæit Solberg, Kjetil Østrem, Ingvild Siglen Berger, Vidar Hope og Marit Holm for reportasjeledelse, bidrag og støtte i arbeidet.

Publisert:

Fra 6. oktober 2023 til 9. januar 2024. Arbeidet fortsetter i 2024. Artiklene er publisert på Sunnhordlands plattformer.

Kontaktperson:

Hilde Vormedal Nybø

Innhold

- 1. Frå parkeringsplass til Tesla-stasjon. Korleis blei det slik?**
- 2. Kva skjer på parkeringsplassen?**
- 3. Klage på klage**
- 4. Oppheva vedtaket**
- 5. Her gjekk det i svart**
- 6. Ingen visste**
- 7. Symbolsk leige**
- 8. Er det verkeleg så enkelt?**
- 9. Tause Tesla**
- 10. Ny vurdering**
- 11. Korleis er det i andre kommunar?**
- 12. Kva me har oppnådd**
- 13. Fersk, grøn bransje**

Vedlegg:

1. Liste over publiserte saker
2. PDF-er av de viktigste sakene

1. Frå parkeringsplass til Tesla-stasjon. Korleis blei det slik?

- Nær eit halvt års innsynskamp gjorde at politikarar og innbyggjare i Stord blei kjent med at ein multinasjonal aktør har sikra seg rett til å gjera parkeringsplassen ved det lokale idrettsanlegget om til ein diger ladestasjon.
- Etter at Sunnhordland avslørte detaljane og omfanget jobbar no Stord kommune for å komme seg ut av ein avtale som dei sjølv har inngått.
- I minst 26 norske kommunar har Tesla fått ladestasjonar på offentleg grunn. Gjennom eit møysommeleg innsynsarbeid har Sunnhordland fått tilgang til alle desse avtalene.
- Gjennomgåande viser avtalene at kommunane gir gratis eller tilnærma gratis areal, utan anbodskonkurranse. Ein kommune har delfinansiert ladestasjonen, og forplikta seg til å driva døgnope toalett.

2. Kva skjer på parkeringsplassen?

6. oktober 2023 skreiv Sunnhordland [den første artikkelen i det som har blitt ein artikkelserie](#). Arbeidet byrja mykje tidlegare, i mai. Sidan har det blitt totalt 14 artiklar.

Me såg at det skulle koma Tesla-ladarar på parkeringsplassen på Stord og ville vite kva avtale som var inngått. Det viste seg å ikkje vera så lett å få greie på. Men me lukkast til slutt. Tesla-saka er et eksempel på at «mikro-graving» kan gi overraskande avsløringar.

23. mai sende Sunnhordland innsynsbegjæring til Stord kommune. Me hadde frå før skrive ei lita registreringssak om at Tesla hadde fått konsesjon til å etablera ladestasjon på parkeringsplassen på Vabakkjen. Parkeringsanlegget er etablert like nedanfor nye Stord ungdomsskule. Dette er i det same området som det er planlagt ny skeisehall.

Korleis hadde det seg at dette no skulle bli ein ladestasjon for Tesla? Kva avtale hadde ein inngått? Var saka politisk handsama? Dette lurte me på. Det viste seg å vera ein lang veg å gå før me skulle få svara.

3. Klage på klage

24. mai fekk me avslag på innsyn frå Stord kommune. Dette er grunngjeve med Offentleglova paragraf 13 og dessutan Forvaltningslova paragraf 13, 2 ledd, som gjeld teieplikt om forretningsforhold.

Me klaga på avgjerda. I klagen skreiv me at me stiller oss uforståande til at ein avtale om leie av grunn skal vera ein forretningsløyndom. Me meiner tvert imot at openheit om denne typen avtaler er heilt i kjernen av det som er grunnen til offentlegheitsprinsippet i kommunal sektor; at ein skal sikra transparens i offentleg sektor som forvaltar ålmenta sine verdiar og interesserer.

Me dreg argumentasjonen om openheit for å unngå korруpsjon. Me peikar også på kva Justisdepartementet har sagt om teieplikta for forretningsmessige forhold, og at det ikkje er opp til verksemda sjølv å definera kva som er ei forretningshemmelegheit, men at det er opplysningar som på avvege kan føra til økonomisk tap eller redusert gevinst for verksemda om dei blir kjende.

Stord kommune held fast på si avgjerd og saka gjekk til Statsforvaltaren i Vestland.

4. Oppheva vedtaket

26. juli kom det svar frå Statsforvaltaren i Vestland, som oppheva avgjerda til Stord kommune og returnerte saka til kommunen. Statsforvaltaren peiker mellom anna på at det ikkje er tilstrekkeleg at Tesla ikkje ønskjer å gi heilt eller delvis innsyn i avtalane. Heller ikkje at avtalen inneholder eit punkt om konfidensialitet er tilstrekkeleg, men at **kommunen må gje ei konkret og sjølvstendig innsynsvurdering.**

Så går det lang tid utan at me får svar frå Stord og me purrar. **Samstundes ber me om innsyn i korrespondansen som gjeld innsynsbegjæringa vår. Dette siste viser seg å vera interessant og noko me vil gjera fleire gonger.**

5. Her gjekk det i svart

28. august får me ein så godt som totalsladda versjon av kontrakten. Det har gått fullstendig i svart. Det einaste som ikkje er sladda er utdrag frå grunnboka, og Stord kommune sine pliktar overfor Tesla. I tillegg kjem det fram at avtalen er signert av teknisk sjef i Stord, Arne Bjelland, og Ole Gudbrann Hempel i Tesla. For Stord sin del er avtalen signert 30. mai 2022.

Det er ikkje tvil om kven som har brukta tusjen: «Som du ser har Tesla gått gjennom avtalen og sladda ut. Då kan nok den sladda versjonen sendast ut til Sunnhordland» skriv saksbehandlaren i kommunen.

Sunnhordland klaga på den sladda avtalen. Me meinte at Stord kommune på ingen måte hadde oppfylt det ein var pålagt av Statsforvaltaren i Vestland, ved å la Tesla sladda avtalen. Me sende kopi av klagen til ny kommunedirektør i Stord, Tommy Johansen.

Det resulterte i at me fekk ein ny versjon 7. september. Denne gang hadde ein sladda alt som har med pengar å gjera. Som journalist må eg innrømma at då gjekk lufta litt ut av meg. Eg var interessert i pengane. Eg skumma avtalen, men den blei liggjande i innboksen min.

Men så blei det oktober og ladestasjonen kom på plass. Folk byrja å klaga på søppel på parkeringsplassen. Kva var det eigentleg som stod i den avtalen? Eg rota fram mailen. Her viste det seg, særleg i det som er eit vedlegg til avtalen, å vera informasjon som ingen kjente til. Det ender opp i den første saka vår fredag 6. oktober.

6. Ingen visste

For Tesla-avtalen omfattar mykje meir enn dei 12 ladeplassane, og ein liten del av parkeringsplassen. Den omfattar nesten heile parkeringsplassen. Her har Tesla [eksklusiv rett til å etablera inntil 28 ladeplassar](#). Tesla har leigd plassen i 15 år med opsjonar på to gonger fem år. Det vil seja 25 år. Problemet var at dette var det ingen som visste. Saka var ikkje behandla politisk i Stord. Idretten er blant dei som reagerer på at dei ikkje hadde fått uttala seg.

Ordførar Gaute S. Epland var den som hadde den første kontakten med Tesla. Han uttalar først at trass i at han ikkje kjente detaljar i avtalen, meinte han at han ikkje har grunn til å tru at administrasjonen har gått ut over sine fullmakter.

[Tysdag 10. oktober følgjer me opp](#). Me kontaktar leiar i kontrollutvalet Fredrik Litleskare (H). Han løfter saka opp i kommunestyret, og seier at han ut frå svaret vil vurdera om saka bør takast opp i kontrollutvalet. Påtroppande Stord-ordførar Sigbjørn Framnes seier at han er overraska over at det er inngått ein avtale på inntil 25 år på ein sentral parkeringsplass utan politisk behandling. Også Venstre reagerer på at ein har gitt Tesla eksklusiv rett.

No kjem også tidlegare ordførar Gaute S. Epland på banen. Han har no kikka på avtalen og meiner den burde vore behandla politisk på grunn av omfanget. Kommunedirektør Tommy Johansen seier dei vil prøva å komma seg ut av opsjonsdelen av avtalen, det vil seja utvidinga frå 12 til 28 ladeplassar.

7. Symbolsk leige

At me ikkje veit prisen i avtalen kjennest frustrerande. Måndag 9. oktober klagar me på sladdinga av summane. Det er eigentleg for seint å klaga, men me prøver og viser til formaliafeil. Me blir høyrde. 11. oktober kan me fortelja lesarane at [prisen som Tesla betalar er 100 kroner per ladeplass per månad](#).

Mens me har skrive om saka har me forsøkt å få tak i teknisk sjef Arne Bjelland, som har signert avtalen. Me får til slutt tak i han. 11. oktober lager me ei sak ut frå eit notat der [Arne Bjelland fortel om korleis og kvifor Tesla-avtalen blei til](#).

13. oktober har me ei sak der [fleire politikarar](#) uttalar seg. Alle er kritiske til avtalen. 20. oktober har me ei sak på korleis administrasjonen har svara ut spørsmåla frå Fredrik U. Litleskare i Høgre. Her kjem det fram at kommunen ikkje har vurdert saka opp mot regelverket om offentlege anskaffingar, men [meinte at dette var uteige](#), som også administrasjonen har mandat til å gjera ut frå delegasjonsreglementet.

I svaret kjem det fram at ein meiner at det er greitt å etablera ladestasjon på parkeringsplassen, og at det heller ikkje er fare for at avtalen kan skapa presedens ved at andre aktørar kan banka på døra og krevja areal.

8. Er det verkeleg så enkelt?

Når me i etterkant av kommunestyremøtet sjekkar med Fredrik Litleskare er han nøgd med svara frå administrasjonen. Me sjekkar også med ny leiar for kontrollutvalet, Tarjei Aamot Haga (Ap). Også han synest å vera nøgd. Dermed er det lite truleg at Tesla-saka hamnar i kontrollutvalet.

Men er det verkeleg så enkelt? Er det greitt å la ein ladeaktør få tilgang til ein av dei mest sentrale parkeringsplassane ved E39 utan politisk behandling og konkurranse og for det som må vera å rekna som småpengar? Nå får me i tillegg eit tips om at det Stord meiner er ein leigeavtale kanskje eigentleg er ein tenestekonsesjonskontrakt. Dette må sjekkast.

Me kontaktar Universitetet i Bergen. Her er Linda Midtun ekspert på offentlege anskaffingar. Małgorzata Agnieszka Cyndecka er førsteamanuensis ved UiB og ekspert på regelverket for statsstøtte. I tillegg kontaktar me advokat Thomas Lynum. Ekspertane våre er ikkje einige i vurderingane, men [me lager ei sak der med viser kva dei meiner.](#)

Linda Midtun meiner det er ting ved Tesla-avtalen som taler for at den er å rekna som ein tenestekonsesjonskontrakt. Ho peiker på at det er høg terskelverdi på slike kontraktar, på 56 millionar. Over dette må dei lysast ut offentleg. Men for alle slike kontraktar over 100.000 så gjeld dei grunnleggjande prinsippa om likebehandling etc. i lov om anskaffingar § 4 ved inngåing av kontrakten.

Samstundes er det klart at Stord kommune jobbar med å komma seg ut av utvidinga av ladeplassane i Tesla-avtalen. 23. november har Stord eit møte med Tesla. I dette møtet kjem det fram at Tesla har god trafikk på ladestasjonen. Så god at dei ynskjer å utvida, noko dei har fullt høve til å gjera ut frå kontrakten. Men [ordførar Sigbjørn Framnes](#) og kommunedirektør Tommy Johansen ynskjer ikkje utviding. Me lagar sak på det. Me følgjer seinare opp med ei sak om kva [krav Tesla har til ein eventuell alternativ](#) lokasjon.

9. Tause Tesla

Etter Tesla-møtet Tesla har med kommunen får eg levert ein Tesla-kopp på kontoret. Det er kanskje det nærmaste avisar har komme Tesla.

Dei tilsette vil ikkje uttala seg. Dei er veldig hyggjelege å snakka med, men du får ikkje sitera dei. Dei har ein e-post for pressehenvendingar som dei viser til, men ein får aldri noko tilbake som ein kan bruka.

At ein part i ei sak ikkje vil eller kan uttala seg er alltid problematisk. I denne saka har kanskje dette gjort at me har halde tunga endå beinare i kjeften. Det har ikkje vore vårt anliggande å «ta» nokon. Me ønskjer å skjønna korleis dette fungerer. Kva er regelverket og har ein følgt det. At Tesla ønskjer å sikra seg gode lokasjonar for ladeplassar billegast mogeleg, er det vel ingen som kan kritisera dei for.

Det er ikkje berre Sunnhordland som ønskjer innsyn i leigeavtalane til Tesla. Det gjer også Konkurransetilsynet. Dei har eit pågåande prosjekt for å følgja marknaden for hurtig- og lynlading og har pålagt dei fem største aktørane i marknaden å gje informasjon om leige av tomt eller areal for plassering av hurtigladepunkt. Me skriv om dette og at [Eviny har kontaktat Stord kommune](#). Den konkurrerande ladeaktøren Eviny ynskjer å utvida og vil ha tilsvarende avtale som Tesla, fortrinnsvis på parkeringsplassen på Vabakkjen der Tesla har sine hurtigladarar.

10. Ny vurdering

Stord kommune [svarar Eviny at det ikkje er plass](#) til dei på Vabakkjen. I svaret kjem det fram heilt ny informasjon. No meiner kommunen at Tesla-avtalen er ein tenestekonsesjonskontrakt, men at den er under terskelverdien på 56 millionar kroner.

Sunnhordland følgjer opp mot kommunen. Med omdefinering har Stord gjort ei anskaffing og her er det regelverket om offentlege anskaffingar som gjeld. Sjølv om kommunen ikkje er pålagt å lysa ut kontrakten på Doffin, så skal ein oppfylla visse grunnleggjande prinsipp om konkurranse, likebehandling, forutberegnelighet, etterprøvbarheit og forholdsmessigheit.

Regjeringa skriv i sin rettleiar at ein anbefaler å lysa ut alle avtalar både dei over og under terskelverdien. Dette har ikkje Stord gjort fordi ein i utgangspunktet meinte det var ein kurant leigeavtale. Men kommunen meiner likevel at avtalen er lovleg og ikkje ei ulovleg direkteanskaffing på grunn av at den er under terskelverdien.

I saka me lager om dette kjem det fram at Tesla meiner at kontrakten har ein verdi på noko over halvparten av terskelverdien, det vil seie [rundt 30 millionar](#).

11. Korleis er det i andre kommunar?

Sunnhordland har brukt Tesla sitt eige kart over ladestasjonar i Norge til å finna ut kor mange av alle ladestasjonane i landet som ligg på kommunal grunn. Me har bedt om innsyn i alle avtalene. Me byrja med innsynsbegjæringane til kommunane 23. oktober.

I utgangspunktet sende me ut til fleire kommunar enn dei me enda opp med. For ein del ladestasjonar viste det seg at det var private aktørar som hadde leigd ut. Me enda til slutt opp med 26 kommunar. Kontraktane har ein klausul om hemmeleghald, og kommunane meiner dei inneheld forretningshemmelegheiter. Mange kommunar avslår. Mange veit ikkje kva dei skal gjera, og gjer dermed ingenting. Dermed må me purra og purra. Men ved å bruка avgjerd fra Statsforvaltaren i Vestland som gjaldt Stord fekk me til slutt ut alle kontraktane. Den siste kontrakten frå Bygland kommune, viste seg å vera den mest oppsiktsvekkjande, og det som blei inngangen på saka der me presenterte [den landsomfattande oversikta](#).

Innsyna i avtalene fortel 14 av dei 26 kommunane som har signert avtalar med Tesla ikkje får betalt for arealet. Jo eldre avtale jo meir sannsynleg er det at det ikkje blir betalt leige.

Avtalene viser også at dei nyaste ladestasjonane er langt større med fleire ladepunkt. Det er også «nyare» og store ladestasjonar som er etablert utan leige.

Kommunane ser på avtalane som privatrettslege leigekontraktar. Dei ser ikkje at det kan vera snakk om tenestekonsesjonskontraktar slik som Stord no har erkjent. Det betyr at det kan bli etablert store ladestasjonar som den som kan komma i Grong kommune, der betalinga er beskjedne 5.000 kroner i året, utan konkurranse. I ladebransjen er det ingen tvil om at gjeldande prinsipp er å vera først til mølla. Det trass i at det delvis er snakk om etableringar på fellesskapet sine areal.

12. Kva me har oppnådd

Sunnhordland har gjennom saka gitt lesarane informasjon som truleg aldri hadde blitt tilgjengeleg om me ikkje hadde tatt innsynskampen med Stord kommune.

I denne saka er det klart at heller ikkje politikarane kjende til innhaldet i avtalen. Det er jo spesielt med tanke på at det er politikarane som har vedteke korleis området skal brukast. Og ikkje minst når det i ei årrekke har vore jobba for å få ny skeisehall ved parkeringsplassen. Avtalen med Tesla vil fullt utbygd omfatta store delar av arealet som då ikkje lenger vil kunna brukast til parkering.

Sakene våre vekte engasjement i kommentarfelta, og har vore ein «snakkis» på byen. Folk undra seg over korleis dette kunne skje, og fleire har takka oss for at me har avdekt kva for avtale kommunen inngjekk med ein multinasjonal aktør. I alt har dei 13 første artiklane om Tesla-saka hatt snaue 40.000 plussvisningar, det vil seie visningar til abonnentar.

I den siste saka har me presentert funna frå Tesla-avtalane i dei andre kommunane. Denne saka valde me å køyra som open sak. Dette fordi den først og fremst gjeld folk som bur i kommunar som ikkje naturleg er abonnentar i vår avis. Likevel ønskjer me å visa at lokalavisjournalistikken har musklar til å oppfylla «vaktbikkjefunksjonen» og nå ut til eit større publikum.

I samband med denne saka har me også nytta video som element. Me har også nytta sosiale medium med video for å få lesing på saka, og mellom anna laga eige some-video. Etter at saka er publisert har me også tipsa redaksjonar i kommunane som blir omtala, om at saka vår inneholder informasjon frå deira nedslagsfelt.

13. Fersk, grøn bransje

Me har sett søkerlyset på ein nybrotsbransje. Gjennom artiklane har me vist korleis kommunen har sett på lading av bilen som eit «tilbod», mens det etter kvart er klart at dette er ei næring og ei næring som vil voksa etter kvart som bilparken blir elektrifisert. Det er ikkje tvil om at lading også er butikk. Som den eine artikkelen vår viser så er verdien på kontrakten i Stord anslått til å vera rundt 30 millionar kroner.

I framtida er det utan tvil ladestasjonen som er den nye «Shell»-en. Tilgang på areal nær ferdsselsårene og ikkje minst stader der det er tilgang på nok straum, er konkurranseføretrinn og føresetnader i ein marknad med stadig fleire aktørar og meir pengar. **Men heng kommunane og det offentlege med i svingane?**

Stord kommune meiner inngåinga av avtalen er lovleg. Gjennom våre artiklar har me vist at Stord i alle fall ikkje har følgt rettleiaren som regjeringa har laga for offentlege innkjøp. Saka har ikkje blitt behandla av kontrollutvalet i kommunen, og heller ikkje av Kofa. Store delar av det politiske miljøet på Stord er kritiske til delen av avtalen som går på at Tesla kan utvida frå 12 til 28 ladepunkt. Stord kommune ved ordførar og kommunedirektør jobbar no for å finna eit anna eigna areal til utvidinga. Korleis dette går veit me ikkje per no. Det me veit er at Tesla-avtalen har punkt om korleis utgifter skal erstattast dersom den blir sagt opp.

Det er grunn til å tru at Stord vil tenkja seg om to gonger før ein inngår ein likande «leigeavtale». I den siste saka vår opnar kommunedirektøren for at utleige av eide dom bør gå gjennom innkjøpsavdelinga for å hindra tilsvarande situasjon og avklara hovudformålet med avtalen.

Den siste artikkelen vår viser at Stord kommune på ingen måte er åleine om å tolka ei avtale om ladetenester på offentleg grunn som ein privatrettsleg leigekontrakt, og noko ein kommuneadministrasjon kan sørge for på eiga hand. Avtalen som Bygland inngjekk med Tesla i 2015 viser på ein oppsiktsvekkjande måte korleis kommunar har tenkt at det var viktig å strekka seg langt for å sikra eit ladetilbod i bygda si.

Vedlegg

Liste over publiserte artikler på sunnhordland.no

14 artikler, 13 av dem publisert mellom 6. oktober og 27.desember 2023. Den aller første saken er en ren postliste-registrering/løypemelding fra 20.mai. Den siste artikkelen er publisert 9.januar 2024. Sakene står i den rekkefølgen de ble publisert, altså eldste sak først:

<https://www.sunnhordland.no/nyhende/i/4oep66/parkeringsplass-blei-til-tesla-stasjon-slik-har-kommunen-forsoekt-aa-halda-korta-tett-til-brystet>

<https://www.sunnhordland.no/nyhende/i/8J84d2/tesla-avtalen-kjem-opp-i-kommunestyret>

<https://www.sunnhordland.no/nyhende/i/dwe7kj/proever-aa-komma-seg-ut-av-tesla-avtalen>

<https://www.sunnhordland.no/nyhende/i/y628MJ/tesla-avtalen-kommunen-gaar-ut-med-prisen>

<https://www.sunnhordland.no/nyhende/i/APyp9M/dette-seier-arne-bjelland-om-tesla-avtalen>

<https://www.sunnhordland.no/nyhende/i/y62V2g/det-er-freistande-aa-seia-riv-det-vekk>

<https://www.sunnhordland.no/nyhende/i/5BK9dW/stord-kommune-tesla-saka-endrar-ingenting>

<https://www.sunnhordland.no/nyhende/i/9z1Rxd/dette-seier-juristane-om-tesla-avtalen-paa-stord>

<https://www.sunnhordland.no/nyhende/i/WRP2J2/tesla-ser-for-seg-aa-utvida-ordfoerar-sigbjoern-framnes-vil-ha-ladarane-bort>

<https://www.sunnhordland.no/nyhende/i/0QaxOE/eviny-har-kontakta-stord-vil-ha-tilsvarande-tilbod-som-tesla>

<https://www.sunnhordland.no/nyhende/i/kEnl09/han-bad-om-ladeareal-her-dette-svarar-kommunen>

<https://www.sunnhordland.no/nyhende/i/kE5GRk/kommunen-ser-paa-tesla-alternativ-her-er-elbil-produsenten-sine-krav>

<https://www.sunnhordland.no/nyhende/i/y6q1e2/verdien-paa-tesla-kontrakten-kan-vera-naer-30-millionar>

<https://www.sunnhordland.no/nyhende/i/2B28yl/hemmelege-avtalar-gratis-tilgang-paa-areal-og-manglande-konkurranse>

(Alle artikler finnes også her, nyeste sak først: <https://www.sunnhordland.no/tag/tesla-saka>)

NYHENDE

Parkeringsplass blei til Teslastasjon

Sunnhordland har sidan i mai forsøkt å få innsyn i avtalen Stord kommune har gjort med Tesla om arealet på Vabakkjen.

► Hilde Vormedal Nybø
hildevn@sunnhordland.no

11. mai gav NVE konsesjon til nettstasjon på Vikahaugane. Bakgrunnen var at Tesla Norway hadde inngått ein langsiktig avtale med grunneigar, som er Stord kommune, om leige av delar av parkeringsplassen på Vabakkjen. Sunnhordland skreiv om at konsesjonen var på plass i 20. mai.

Korleis hadde det seg at ein kommunal parkeringsplass på Stord utan vidare hadde blitt til ein ladestasjon for Tesla? Kva avtale har ein inngått?

Det var spørsmålet me lurt på, og me søkte innsyn i avtalen som Stord kommune hadde med Tesla, og om etableringa var politisk behandla. 23. mai sende avisa den første innsynsbegjæringa.

Dagen etter, den 24. mai, fekk Sunnhordland avslag på innsyn. Dette er grunngjeve

med offentleglova § 13 samt fvl 13. 2 ledd, som gjeld teieplikt om forretningsforhold.

Sunnhordland påkalla avgjøra. I klagan stiller me oss mellom anna uforståande til at avtalen skal vera ei forretningshemmelegheit, og meiner at openheit i slike avtalar er heilt i kjernen av det som er grunnen til offentlegheitsprinsippet, at ein skal sikra transparens i offentleg sektor som forvaltar ålmenta sine verdiar og interesser.

Me stiller også spørsmål om kva ein meiner er ei teiepliktig forretningshemmelegheit. Stord kommune heldt fast på avgjøra om å nekta innsyn, dermed gjekk klagan til Statsforvaltaren i Vestland.

26. juli kom det svar fra Statsforvaltaren i Vestland, som oppheva avgjøra til Stord kommune og returnerte saka til kommunen.

Statsforvaltaren peiker mellom anna på at det ikkje er tilstrekkeleg at Tesla ikkje ønskjer å gi heilt eller delvis innsyn i avtalane. Heller ikkje at avtalen inneheld eit punkt om konfidensialitet er tilstrekkeleg, men at kommunen må gjera ei konkret og sjølvstendig innsynsvurdering.

Etter purring får Sunnhordland, over ein månad seinare,

28. august, ein så godt som totalsladda avtale av Stord kommune.

«Som du ser så har Tesla gått gjennom avtalen og sladda ut. Då kan den sladda versjonen sendast ut til Sunnhordland», skriv Sigurd Huglen, som jobbar med kjøp og sal av eigedom på Tekniske tenester i Stord.

Bileta nederst viser sentrale deler av avtalen etter at Tesla har sladda den. Det som ikkje er sladda er utskrift frå grunnboka, og Stord kommune sine plikter ovanfor Tesla.


I tillegg kjem det fram at avtalen er signert av teknisk sjef i Stord, Arne Bjelland og Ole Gudbrann Hempel i Tesla. For Stord sin del er den signert 30. mai 2022.

Eit halvt mål i inntil 25 år

Sunnhordland klaga på den sladda avtalen og meinte at Stord kommune, ved å la Tesla sladda avtalen, på ingen måte hadde oppfylt det ein var pålagt av Statsforvaltaren i Vestland.

Det resulterte i at me fekk ein ny versjon av den sladda avtalen. Også denne er delvis sladda.

Det vil seiia at det ikkje kjem fram noko som gjeld kor mykje Tesla betalar for å disponera eigedomen.



Den nye Tesla-ladestasjonen på Vabakkjen har vore i drift sidan september.

Men det er også ting som kjem klart fram i avtalen.

Avtalen viser at Tesla har leidt eit areal på 450 kvadratmeter som kan brukast til ladestasjon for elbilar og tilhøyrande energirelaterte tenester og produkt. Her kjem det vidare fram at Tesla har leidt området i 15 år. Vidare at leigetakar har rett til å sei

opp leigeforholdet med tre månadars skriftleg varsel. Vidare har Tesla rett til å forlengja leigeperioden i to periodar på fem år på same vilkår som legeavtalen.

Det vil seiia i inntil 25 år.

Når det gjeld Stord sin mogelegheit til å gå ut av avtalen så står det at utleigar har rett til å sei opp leigeforholdet med seks månadars skriftleg varsel mot å kompensera leigetakar for rettsverdien av ladestasjonen basert på ei lineær avskriving over normal levetid.

meir enn dette arealet. I avtalen har Tesla ein eksklusiv rett til å opparbeida maksimalt 28 ladeplassar.

Her står det vidare at leigeobjektet i leigeperioden ikkje kan bli utstyrt med ladeanlegg frå andre enn leigetakar. Ladeanlegg frå andre leverandørar kan derimot plasserast på eigendommen forvrig.

Avtalen mellom Stord og Tesla inneholder også eit punkt om at avtalen er konfidensiell.


Ikkje handsama politisk

Sunnhordland har sidan det første brevet i mai spurt kommunen om etableringa av ladestasjonen har vore politisk handsama.

1. august skriv Sigurd Huglen, som er eigedomsforvaltar på tekniske tenester:

«Bladet Sunnhordland har også hatt eit spørsmål om saka er handsama politisk. I Stord kommune vert avtaler generelt handsama av forvaltinga. I dette tilfelle, tekniske tenester.»


Området på Vabakkjen er



Øvst på denne sida står leigesummen. Den vil Stord framleis ikkje ut med.



Her står det mellom anna at leigeforholdet løper i 15 år, og at Tesla har rett til å forlenga i to periodar på fem år på samme vilkår som i denne legeavtalen.



På denne sida har ein mellom anna sladda at det er snakk om 450 kvadrat av parkeringsplassen på Vabakkjen.

28 ladeplassar

No er det opparbeidd 12 ladeplassar på parkeringsplassen. Men avtalen omfattar mykje



ARKIVFOTO: HENRIK MUNDAL ANDREASSEN

regulert til parkeringsplass. Ifølgje plansjef i Stord, Lovise Vestbøstad, har det ikke vore noko endring på reguleringsførremålet. Ho fortel at saka heller ikkje er handsama som byggjesak i kommunen.

– Rundskriv som er sendt ut for handsaming av denne typen saker seier at ei kan etablera la-deanlegg på parkeringsplassar utan at det skal handsamast

som byggjesak med mindre det er spesifisert noko anna. Det er det ikkje her, seier Vestbøstad.

Ho seier at etableringa er handsama av vegsjefen med omsyn til byggjegrense mot veglova.

– Ut frå det eg kan sjå er saka blitt handsama etter reglane, seier Vestbøstad.

Sunnhordland har tidlegare skrive at tidlegare vegsjef i

Stord, Harald Oddvar Sæbø, tok eit initiativ for å få Tesla-ladestasjon på Vabakkjen.

Styreleiar Roy-Sverre Amundsen i Stord idrettslag reagerer sterkt på at dei offentlege parkeringsplassane har blitt gjort om til ladestasjon. Han reagerer med undring på at Tesla har fått ein eksklusiv rett til å opparbeida 28 ladestasjonar her, og ein avtale med

22.2 **Markedsføring og publisitet, immaterielle rettigheter:** Utleiher kan ikke uten Leietakers skriftlige fornæringsavtale benytte Leietakers navn eller leieavtalen for markedsføringsformål av noen art. Utleiher kan heller ikke foreta eller tillate noen markedsføringsstiltak på Leieobjektet, eller i nærtheten av Leieobjektet hvis det kan være til utsyn for Ladestasjonens synlighet eller Leietakers virksomhet eller omdamme. Ingen av partene kan benytte den andre parts navn, varemärke logo eller andre immaterielle rettigheter uten skriftlig fornæringsavtale.

22.3 **Konfidensiellitet:** Utleiher og Leietaker er enige om at denne leieavtalen, samt finansiell, forretningsmessig, salgs- eller teknisk informasjon, forhandlinger og forslag, er konfidensiell informasjon som ikke kan deles med noen andre, unntatt (i) finansielle, juridiske og tekniske rådgivere som har behov for å kjenne til informasjonen og (ii) når det er pålagt ved lov. Partene har også rett til å informere sine aksjonærer, tilknyttede selskaper og rådgivere om eksistensen av og innholdet i leieavtalen.

22.4 **Leverandøreregistrering:** Utleiher plikter å fylle ut og levere Leietakers elektroniske leverandøreregistreringsskjema. Nytt skjema må fylles ut dersom Utleiher i løpet av Leieperioden endrer firmanevn eller fusjonerer med et annet selskap, samt for enhver person som rettigheter og forpliktelser etter denne leieavtalen overføres til.

Dette punktet i avtalen handlar om konfidensiellitet.



Dette kartet er lagt ved avtalen med Tesla. Eigedommen som det er inngått avtale for er markert med gul sky. Her har Tesla ein eksklusiv rett til å opparbeida maksimalt 28 ladestasjonar.

ein lengd på inntil 25 år, og at dette er gjort utan politisk vedtak.

– Stord idrettslag er ein av partane som burde ha vore involvert i ein slik prosess. Men her er mange andre. Kva med bensinstasjonen? Andre næringsdrivande i området, Stord vidaregåande skule? seier Amundsen.

Han peiker på at ein på Vika-haugane står framfor utbygging av ny skeisehall og mogeleg ny og større rackethall.

– At ein allereie hadde lagt til rette og bygd ut parkeringsplassar var ein stor fordel for området, og viktig med omsyn for å sikra tilgjengelighet og berekraftig utvikling av området, seier Amundsen.

Sunnhordland lukkast i dag ikkje å få kommentar frå teknisk sjef Arne Bjelland. Han skriv i ei melding at når det gjeld Tesla-avtalen så kan me snakka med Sigurd Huglen.

Stord-ordførar Gaute S. Epland seier Sunnhordland at Tesla først tok kontakt med han, og at han sørgde for at det blei opprettet kontakt med administrasjonen.

– Ut frå mitt kjennskap til saka har eg ingen grunn til å tru at administrasjonen har gått ut over sine fullmakter, seier Epland, som tar etterhald om at han ikkje kjenner innhaldet i avtalen med Tesla.

– Denne vil eg no gjera meg kjent med, seier Epland.

Velkommen til oss!



Les meir her ↗



FEIRING HEILE VEKA JOHN FADNES AS 90 ÅR

TYSDAG 10. OKTOBER:

Makeup-ekspert frå Lancôme og Biotherm gir veiledning i hudpleie og makeup frå kl. 12-17. Kom innom og bestill time.

GOODIEBAG ved kjøp over kr 1000,- hos Skin Tonic.

All mascara frå Lancôme **-25%**

tonic. & citybag®

Tlf. 400 73 888/407 21 392



HEILE VEKA

Demo i parfumeriet.
Shisheido, Clarins
og Sensai.

AMFI
STORD

AMFI Mykje å gje seg til. Altid.

10-20 (18) amfi.no/amfi-stord



(3) Cost sharing

- The municipality pays for:
- Grid connection
 - Climate shelter (space in a joint climate shelter for fast chargers, switchgear cabinet and Supercharger equipment – space for up to 6 Superchargers)
 - Construction of new parking stalls (new asphalt on supercharger stalls and the municipality fast charger stalls - there is grass on the area today).
 - Two new public restrooms available 24/7

Tesla will co-finance these expenses with a contribution of NOK 375.000.

Tesla will cover the following costs ourselves:

- Cables, trenches and conduits from Superchargers to charge posts.
- Civil works related to mounting and connection between Superchargers and charge posts.
- All electrical works related to mounting Superchargers and Charge Posts incl. switchgear cabinet.

Tesla-stasjonen med toalettbygget på Bygland i 2019. Avtalen viser at Bygland har påtatt seg store deler av investeringa for Tesla-stasjonen.
Foto: GOOGLE STREET VIEW

Sunnhordland har fått innsyn i avtalane som Tesla har gjort om ladeplassar på offentleg grunn i norske kommunar. Funna våre er:

Hemmelege avtalar, gratis tilgang på areal og manglande konkurranse

Frå 2022 til 2030 reknar ein med at talet på hurtigladarar til personbilar i Norge vil gå frå 4.000 til opp mot 14.000.

► **Hilde Vormedal Nybø,**
hilde@sunnhordland.no

Bygland kommune i Setesdal har 1.169 innbyggjarar. Då Tesla banka på døra her, så opna kommunen kommunekassen og bygde ladestasjon og sørge for døgne toalett.

Tesla-stasjonen ligg like ved Bygland museum og bygdas einaste pub. Kommunen inngjekk avtale med Tesla i 2015. Ikkje berre har Tesla gratis leige, kommunen og Tesla skal også dela på kostnadane med å etablera ladestasjonen. I avtalen som er signert, av no avdød ordførar Leif Rygg Rangerak, står det at kommunen skal vera med å betala for nett-tilkopling, leskur, supercharger-utstyr og plass for opp til seks lynladarar. Plassen der det er gras, skal opparbeidast med lade- og parkeringsplassar.

I tillegg skal det byggjast to nye offentlege toalett som skal vera tilgjengelege 24 timer i døgeret, sju dagar i veka.

I avtalen står det at Tesla skal vera med å delfinansiera utgiftene og bidra med 375.000 kroner. Tesla skal også stå for kablar, grøfter og elektrikararbeid knytt til oppkopplinga. Fram til

mai 2022 var det berre Tesla-bilar som kunne lada på stasjonen.

Bygland kommune har sendt oss ei rekneskapsoversikt som viser at det har kosta snaue 900.000 kroner å opparbeida ladestasjonen. Tesla har ifølgje oversikta betalt 375.000 kroner. Vidare skal regionsrådet ha betalt 120.000 kroner, og kommunen skal ha brukt snaue 305.000 kroner frå det kommunale næringsfondet.

Runar Granheim er ordførar i Bygland. Han viser til kommunedirektør John Salve Sigríndnes.

– Me kan ikkje finna at det er gjort eit sjølvstendig politisk vedtak om etableringa av Tesla-stasjonen, seier Sigríndnes til Sunnhordland. Han legg til at bruken av næringsfondet mest sannsynlig er behandla politisk i en tertialrapport.

– Kva tenkjer du om avtalen?

– Eg vil ikkje gje ei vurdering av ein avtale som er inngått seks-sju år før eg starta i jobben, seier Sigríndnes.

Han legg til:

– Etableringa har vore viktig for å trekka folk til denne delen av sentrum. Dette skaper ein stoppeffekt. Bygland ligg midt mellom Kristiansand og Hovden.

Sigríndnes peiker på at det seinare også er kome ein annan ladeaktør på staden og at investeringa i trafoen dermed er ei fellesinvestering til begge ladeanlegga. Han legg til at når det gjeld toaletta, så blir dei også brukt av besøkande til museet og folk som er på stranda.

Lengre nord i landet, i Verdal, er ein

“ ”

Mens han selv satt og tenkte på hvordan de skulle få flere hurtigladere til elbiler i sentrum, ble ordfører Pål Sverre Fikse oppringt av bilselskapet Tesla



Kommunedirektør John Salve Sigríndnes i Bygland meiner Tesla-stasjonen har vore viktig for å skapa ein stoppeffekt i bygda.
Foto: OLAV ÅSEN HAUGSGJERD / SETESDØLEN

også oppteken av lading av elektriske bilar.

«Mens han selv satt og tenkte på hvordan de skulle få flere hurtigladere til elbiler i sentrum, ble ordfører Pål Sverre Fikse oppringt av bilselskapet Tesla.»

Teksten er henta frå ei sak frå avis Innherred 27. august i fjor. Den handlar om gleda i Verdal kommune for den nye ladestasjonen. «Skal gjøre Verdal meir attraktiv» er tittelen. I saka kjem det fram at Verdal skal få opptil 28 nye Tesla-ladarar ved rådhuset.

Pål Sverre Fikse, som gjekk av som ordførar etter valet i fjor haust, seier til Sunnhordland at politikarane i Verdal blei orienterte om avtalen. Tesla-avtalen blei ikkje lyst ut på anbod. Dette fordi kommunen meiner det er snakk om ein vanleg leigeavtale.

– Dette er ikkje ei offentleg anskaf-



Sunnhordland har fått innsyn i avtalane som Tesla har gjort om ladeplassar på offentleg grunn i norske kommunar.

FOTO: NULL



Odd Olaf Askeland, sjef for hurtigladaren Eviny, fekk nei då dei vende seg til Stord. Det var ikkje meir plass.

ting, men utleige av eit areal. Me har over lang tid hatt eit ynske om fleire ladestasjonar. Det er ikkje slik at ladeaktørane har stått i kø for å etablera seg i Verdalen, seier Fikse til Sunnhordland.

Sunnhordland har skrive ei rekke saker om Tesla-avtalen i Stord kommune etter at me i den første saka kunne avsløra at kommunen, utan at politikarane var kjent med det, hadde inngått ein avtale om at Tesla kunne etablira inntil 28 ladepunkt på parkeringsplassen på Vabakkjen. Avtalen har ei lengd på 15 år med opsjonar på to gonger fem år. Tesla betalar 100 kroner per ladepunkt per månad. Ladestasjonen var heilt ny i byrjinga av oktober, men allereie har det komme ein annan aktør, Eviny, som ynskjer seg tilsvarende avtale. Dei har blitt avvist. Stord har ikkje areal. Samstundes

jobbar Stord no for å komma seg ut av utvidinga av Tesla-avtalen.

Er det greitt at det er førstemann til mølla når ladeaktørane no bankar på dørene i Kommune-Norge? Vil det sikra konkurranse og best tilbod til forbrukarane?

I ettertid meiner også Stord kommune at Tesla-avtalen ikkje er ein leigekontrakt, men ein tenestekonseksjonskontrakt. Dette er også samanhørende med synet til juridisk ekspert Linda Midtun ved Universitetet i Bergen (UiB).

Ein tenestekonseksjonskontrakt er ein kontrakt der tenesteytaren får betaling gjennom å tene pengar på ytinga. Eit døme kan vera eit parkeringsselskap. Ein tenestekonseksjonskontrakt kjem inn under reglane om offentleg innkjøp. Her er det ein terskelverdi på 56 millionar kroner. Då må avtalen lysast ut i EØS-området. Stord kommune meiner avtalen ikkje er ulovleg direkteanskaffing fordi han er under terskelverdien.

Men avtalar over 100.000 kroner skal likevel oppfylla dei grunnleggjande prinsippa for offentlege innkjøp; konkurrans, likebehandling, forutberegnelighet, etterprøvbarheit og forholdsmessigheit. I rettleiaren frå regjeringa står dette om korleis ein skal sørge for å oppfylla dei grunnleggjande prinsippa: «Som hovedregel vil det være fornuftig for oppdragsgiveren å hente inn tilbud fra flere leverandører for å sikre effektiv ressursbruk og motvirke korruption.»

I tillegg må kommunane forhalda

seg til reglar for statsstøtte. Małgorzata Agnieszka Cyndecka, som er førsteamanuensis ved UiB på fagfeltet, peiker på at kjernen i spørsmålet om eventuell og ulovleg statsstøtte ligg i avklaring på om Tesla betalar marknadspris.

Eit anna moment er om støtta kjem over det som blir rekna som «bagatellmessig støtte». Det vil seia under 200.000 euro fordelt på tre rekne-skapsår.

27 avtalar

Teknisk sjef i Stord, Arne Bjelland, sa at avtalen med Stord var ein standardkontrakt. Er det då slik at ei lang rekke kommunar inngår og har inngått slike kontraktar som kan vera juridisk utfordrande?

Dette ynskte Sunnhordland å undersøkja.

- Me har difor bede om innsyn i alle avtalane som Tesla har inngått på offentleg grunn. Ved hjelp av Tesla sitt eige ladekart for Norge plukka me ut hurtigladarane og sjekka deretter eigedommane opp mot informasjon frå grunnboka. Av i alt 115 Tesla-ladestasjonar har me funne 26 avtalar med kommunar, ein med Statens vegvesen. Me har fått heilt eller delvis innsyn i alle.

“

Dette er ikkje ei offentleg anskaffing, men utleige av eit areal. Me har over lang tid hatt eit ynske om fleire ladestasjonar. Det er ikkje slik at ladeaktørane har stått i kø for å etablera seg i Verdalen



“

**Stavanger
Parkerings
stiller eige
p-arealet i våre
p-anlegg til
disposisjon
for hurtig-
ladeaktørar
utan leige frå
ladeaktør.
Kundane
som ladar
må betala for
parkerings i
tillegg til
ladinga**

• Avtalane er inngått i perioden mellom 2013 og 2023. Alle inneholder punkt om konfidensialitet. Jo eldre avtalane er, jo meir sannsynleg er det at selskapet har fått etablert seg på arealet utan å betala leige. Ein annan trend er at jo nyare avtalane er, jo meir omfattande er dei. 14 av avtalane er oppretta eller fornya i løpet av dei siste to åra.

• Oversikta viser at Tesla berre har inngått to avtalar med kommunar som er meir omfattande enn den på Stord. Det er i Grong kommune i Trøndelag. Her inngjekk kommunen først ein avtale i 2014, så blei den utvida i 2018 og så sist i 2022 til å omfatta 32 plassar. I Aksdal i Tysvær er også avtalen utvida til 32 plassar. I Verdal er det som i Stord eit tak på 28 ladepunkt. Elles er det snakk om 25 ladepunkt eller færre.

«Leiger» gratis

I Verdal skal Tesla betala 250 kroner månaden per ladepllass. Det vil seia opp til 84.000 kroner i året. Ingen av dei andre kommunane får meir.

I alt er det 14 kommunar som ikkje tek imot arealleige i det heile frå Tesla.

I Aksdal i Tysvær er den ladestasjonen som ligg nærmast Stord.

Her inngjekk kommunen kontrakt i 2014 og avtalen inneholder ikkje leige. Den siste avtalen gir Tesla mogelegheit for å utvida til 32 ladadar. Framleis utan betaling. Det er også døme på ferskare kontraktar som er gratis.

I Stavanger har Tesla avtale på inntil 16 ladepunkt i parkeringshuset på Jorenholmen midt i byen. Avtalen blei inngått i 2022. Christian Tønnevold, som er dagleg leiar i Stavanger Parkeringselskap KF, skriv til Sunnhordland:

– Stavanger Parkeringselskap stiller eige p-arealet i våre p-anlegg til disposisjon for hurtigladeaktørar utan leige frå ladeaktør. Kundane som ladar må betala for parkeringa i tillegg til ladinga. Infrastruktur og likande må ladeaktør betala sjølv.

Når me spør om ein legg etableringane ut på tilbod, eller korleis dette blir organisert, seier han at aktørane tek kontakt.

– Stavanger Parkeringselskap har ikkje konkrete planar om å utvida ladekapasiteten til fleire hurtigladadarar i eksisterande anlegg per dato. Fleire ladeaktørar har imidlertid tatt direkte kontakt med oss i samband med mogelegheitene for å etablere hurtiglading i våre anlegg, skriv Tønnevold.

Han fortel at dei hadde eit pi-

lotprosjekt i 2019 for etablering av lading for drosjenæringa der kommunen fekk statsstøtte. Dette prosjektet blei lagt ut på tilbod.

I Skjåk kommune i Gudbrandsdalen utvida ein i 2021 avtalen med Tesla frå ti til 18 ladepunkt. Tesla betaler ikkje leige. Ifølgje lokalavisen Fjuken blei utvidinga behandla administrativt. Kommunedirektør i Skjåk kommune, Ivar Bø, seier til lokalavisa at det vil bety mykje for kommunen å få på plass fleire ladadarar til sommar- og turistsesongen. Vesfsn kommune i Nordland er ein av dei få som har halde tilbake kontraktsummen. «Dette var den første ladestasjonen for elbiler i Mosjøen. Det var politisk enighet om å gi gunstige avtalevilkår for å oppmunstre etablering av en ladestasjon i byen,» skriv Nicolai Heilemann som er kommuneadvokat i Vesfsn kommune, til Sunnhordland.

Strategisk ved E6

I Grong kommune har Tesla sikra seg areal til det som kan bli den største Tesla-ladestasjonen i Norge på offentleg grunn saman med Aksdal, med 32 hurtigladadarar.

– Viss du kikar på kartet, så er det ein grunn til det. Me ligg like ved E6 og det er langt til neste by, seier Emil Abraham Viem, som er



Dåverande ordførar i Verdal, Pål Sverre Fikse, og rådgjevar Øystein Kvistad er begeistra over den nye ladestasjonen ved rådhuset i Verdal.

avdelingsleiar for kommunalteknikk i Grong, til Sunnhordland.

Her betaler Tesla 5.000 kroner i året for arealet. I den første leigeavtalen i Grong, frå 2014, gjorde kommunen ei vurdering av lovlegheita opp mot EØS-reglane for statsstøtte.

«Leieforholdet er vurdert opp mot EØS-avtalens regler om offentlig støtte og anses å være lovlig både fordi det beløpsmessig faller inn under unntaket for bagatellmessig støtte, samt at det dessuten er et miljøtiltak», står det i avtalen som er signert av dåverande ordførar.

Tilleggsavtalane i 2018 og 2022 går berre på utviding av talet på ladepunkt. Ifølgje kommunalsjef Stig Moum i Grong så blei det ikkje gjort nye juridiske vurderingar i samband med utvidinga av avtalen.

Det er ikkje tvil om at ein stor ladestasjon også kan bety store inntekter. Tesla har sjølv vurdert at avtalen på Stord har ein verdi på rundt 30 millionar kroner.

Den nyaste av alle avtalane me har fått innsyn i er i Bardu kommune i Troms. Her har Tesla fått avtale på å setja opp inntil 25 ladepunkt og betalar 64.500 kroner i året i leige.

Kommunedirektør Stine Jakobsson Strømsø fortel at den nye avtalen var ei utviding av ein tidlegare avtale. Tesla-avtalen blei ikkje politisk behandla,

sidan dei vurderte det som ein rein leigeavtale som er delegert til administrasjonen. Det blei heller ikkje lyst ut konkurransen i forkant av kontraktinngåinga.

– Men i området her er det mange ladeaktørar som er etablert, seier Strømsø.

Tredobling på få år

I 2022 laga Statens vegvesen og Miljødirektoratet på oppdrag frå Samferdselsdepartementet og Klima- og miljødepartementet rapporten «Kunnskapsgrunnlag om hurtigladefrastruktur for vegtransport». I denne rapporten står det at ein reknar med at det vil vera nærmere to millionar lette elkjøretøy på vegane i 2030. I tillegg kjem 2.000 elektriske langdistansebussar, 9.000 elbybussar og 23.000 ellastebilar.

«En slik vekst forutsetter at ladeinfrastrukturen holder tritt med salget av elkjøretøy – og ikke blir en barriere mot introduksjon av disse kjøretøyene. I tidlig fase er ladeinfrastruktur avgjørende for å få veksten i gang. Per i dag er det etablert rundt 4.000 hurtiglader og vi anslår behovet for hurtiglader til å være i størrelsesorden 9.000 hurtiglader i 2025 og 10-14.000 hurtiglader til lette kjøretøy i 2030», står det i rapporten.

Det betyr at talet på hurtigladarar

kan bli meir enn tredobla på åtte år.

Her peiker ein på utfordringar som mangel på kapasitet i nett, høge anleggssbidrag, effekttariffar, manglende areal, lang saksbehandlingstid og manglende samordning mellom aktørar som nokre av dei viktigaste barrierane mot utbygging.

I rapporten peiker ein også på at ein ikkje har incentiv til å få etablering av ladestasjonar i område der det er lite trafikk og som dermed lite attraktivt å etablera seg. Det er heller ikkje verkemiddel for å sikra utbygging av ladestasjonar i område der det er høg trafikk, men lite tilgjengeleg kapasitet i nettet.

Då er det viktig å vera først ute.

Kamp om plassen

– Vår anbefaling er at kommunane bruker tilbodskonkurranse når dei kan, for å sikra best mogeleg tilbod med best mogeleg kvalitet til lågast mogeleg kostnad for elbilistane, seier Ingvild Nordtveit, seniorrådgjevar i Konkurransetilsynet.

Men oversikta viser også at nye avtalar blir inngått utan at det skjer.

– Det har ikkje vore lyst ut konkurransen, men me har løyst dette ved at me har tilgjengeleg areal til konkurrentane, seier Emil Abraham Viem, som er avdelingsleiar for kommunalteknikk i Grong.

Han fortel at Eviny har etablert seg på andre sida av vegen. Kommunalsjef Stig Moum seier det er fleire aktørar i området.

Vanskeleg regelverk

Juridisk ekspert Linda Midtun ved UiB meiner Sunnhordland sine funn er spanande.

– Det viser at spørsmålet om ein kontrakt er ei anskaffing som er omfatta av regelverket kan vera vanskeleg. Tenestekonsesjonskontraktar inneber jo at vederlaget for tenestene heilt eller delvis består i at tenesteytaren kan tene pengar på ytinga. Når, som her, kommunane ikkje skal betala noko for ladestasjonane, er det kanskje ikkje like intuitivt for dei at kontrakten kan vera eit innkjøp. Saka viser at kommunane må vera obs på denne problemstillinga ved etablering av denne type tenester, seier Midtun.

Sunnhordland har kontakta Tesla om denne saka. Selskapet vil ikkje kommentera den.

Sjå fleire illustrasjoner og presentasjon på sunnhordland.no


“

En slik vekst forutsetter at ladeinfrastrukturen holder tritt med salget av elkjøretøy – og ikke blir en barriere mot introduksjon av disse kjøretøyene. I tidlig fase er ladeinfrastruktur avgjørende for å få veksten i gang



Her på Aksdal i Tysvær har Tesla hatt avtale sidan 2014, som har blitt fornya ved to høve. Selskapet betaler ikkje leige for arealet.

FOTO: GOOGLE STREET VIEW



Tesla-ladestasjon i Verdalen ligg på grusplassen like over den rauden markøren. Her kan det komma 28 ladepunkt, det same som på Stord.

FOTO: SATTELITTBILETE: GOOGLE